

## Referat campusmøte Stord

**Dato:** 23.08.2023

**Tid:** 12:15-13:45

**Stad:** Bib107 (møterom i biblioteket)

**Til stades:** Sigurd Sandvold (møteleiar), Monica W. Nortvedt, Andrea Grutle, Espen Helvig, Oded Ben-Horin, Kristina Johannesen Tolås

**Forfall:** Trond Egil Arnesen, Khiem Nguyen

**Referent:** John Tveit

### Sakliste:

Sak	Tittel	Ansvarleg	Tidsbruk
6/23	Godkjenning av innkalling og sakliste	Møteleiar	10 min
7/23	Campusutviklingsprosjektet. Oppfølgingspunkt for campusmøte	Møteleiar	40 min
8/23	Campus Stord - den historiske dimensjonen, Universitetet på Vestlandet. (Stord Dhd)	Møteleiar	20 min
9/23	Møteplan resten av 2023	Møteleiar	10 min
	Eventuelt	Møteleiar	10 min

### 6/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Møtebehandling:

Sigurd Sandvold leia møtet.

To saker er meldt til eventuelt:

1. Planar om å arrangere ein internasjonal studentbandkonkurranse
2. Ordførar Epland sitt innlegg i media, kor han mellom anna presenterte ei idé om å flytte HVL campus Stord til Leirvik sentrum

#### Vedtak:

Det blei meldt inn to saker til eventuelt. Innkalling og sakliste blei godkjent.

### 7/23 Tverrfakultær satsing, oppfølging frå møte 20.2.23

#### Møtebehandling:

Møtet blei innleia med ei orientering om aktuelle satsingar ved andre campus. T.d. Fokus på robotikk, teknologi og helse ved HVL campus Førde, aktivitetsbasert læring og natur ved HVL campus Sogndal og sikkerheit innafør helse, brann og sjøfart i Haugesund.

Vidare peikte møteleiar på det faktum at studentrekruttering er ytterlegare aktualisert i tida sidan førre campusmøte. Rekruttering til både lærarutdanningane og sjukepleiarutdanningane denne hausten er svak. Nasjonale trendar råkar Stord hardt. Samlingsbaserte fleksible utdanningar blei og drøfta, og ulike synspunkt blei fremma. Marknadsdimensjonen blei og tatt opp. HVL står i konkurranse med andre tilbydarar av utdanning.

Campusmøte Stord held fast ved tverrfakultære satsingar som blei peikt på i førre møte, 20.2.23 – då berekraft, og barn og unge. Ei berekraftprofil knytt til barn og unge er ei spissing og ein profil som gjer seg gjeldande for både FHS og FLKI ved HVL campus Stord. Ei slik profil har og tydelege koplingar til både kommune og våre eigarar.

Campusmøtet vil sjå nærare på kva HVL campus Stord har, for så å bygge vidare på det. Ei naturleg utvikling av historie, fagmiljø, geografisk lokalisering, relasjonar, natur, uteområde mm. Samstundes er det viktig å heve blikket. Kva vil dei unge? Korleis kan praksis på samarbeid på tvers av fagmiljø, og i dialog med omverda, presenterast som alternative gode løysingar for t.d. regjeringa og Europakommisjonen.

HVL er no på sjette året som fusjonert institusjon. Etter ei harmoniseringsperiode, er vi gjerne no i ei fase kor det er tid for å sjå nærare på ulikheiter knytt våre fem campus, og styrkane som ligg i desse ulikheitene for HVL som institusjon.

#### Vedtak:

Campusmøte stadfester følgjane punkt for vidare oppfølging:

- **Berekraft med kopling mot barn og unge.**

Campusmøte 20.2.23 vart einige om å sjå nærare på korleis løfte opp tematikkar knytt til berekraft eller til barn og unge fram mot neste møte. Deriblant å utforske kva utdanningsinstitusjonar med liknande som skårar høgt i rangeringar gjer. Den same 'heimeleksa,' då med tematikk berekraft med kopling til barn og unge, vert gitt medlemmane i campusmøte på nytt til neste møte i oktober – med mål om å meisle ut eit råd frå Campusmøte Stord 25.10.23.

### **8/23 Campus Stord – den historiske dimensjonen, Universitetet på Vestlandet (Stord Dhd)**

#### Møtebehandling:

Campusmøte har fått spelt inn ei prosjektskisse knytt den historiske dimensjonen ved campus Stord. Prosjektskissa freistar å vise at campus si historiske dimensjon er særskild relevant for utviklinga av framtidens profesjonsuniversitetscampus.

Siktemålet med prosjektet er:

- å leggja eit grunnlag for forskning og kunnskapsutvikling knytt til den historiske dimensjonen ved høgare profesjonsutdanning på campus Stord
- å kartleggja og analysere, beskriva og formidla forskingsbasert kunnskap om den historiske dimensjonen ved Stord campus som del av det komande profesjonsuniversitetet på Vestlandet.
- å utvikla eit kunnskapsgrunnlag for etablering av eit framtidig lærarutdanningsmuseum på campus Stord som kan integrerast i undervisning og læring i dagens lærarutdanning.

Campusmøte drøfta i kva grad dette prosjektet og kan gjere seg gjeldande på tvers av fakultet, og i tillegg omhandle FHS.

#### Vedtak:

Campusmøtet finn prosjektskissa interessant, og følgjer opp som følgjer:

1. Campusmøte gir råd om å utforske prosjektskissa ytterlegare i FLKI-linja, med mål om å sette i gang prosjektet
2. Campusmøte ser på prosjektet som ei unik moglegheit til å knytte fortida/historia til det nye profesjonsuniversitetet, og campusmøtet gir råd om å presentere prosjektskissa for rektor, då med tverrfakultær orientering.

### 9/23 Møteplan 2023

Det skal vera tre møte i året, to i vårsemesteret og eit i haustsemesteret.

Dato/tid for neste møte ble diskutert, og 25.10.23 kl. 14.00-15.30 ble landa.

#### Vedtak:

Tredje campusmøte for Stord i 2023 er sett til onsdag 25.10.23 kl. 14.00-15.30

### Eventuelt

1. Planar om å arrangere ein internasjonal studentbandkonkurranse.

Orientering i campusmøtet. Vert følgt opp i linje, med tilråding om å melde inn til arrangementsteamet.

#### Vedtak:

Orientering vert tatt til vitjande.

2. Ordførar Gaute Epland sitt innlegg i avisa, kor han mellom anna legg fram ei idé kor HVL campus Stord vert flytta til Leirvik sentrum

Drøfting i campusmøtet.

#### Vedtak:

Orientering vert tatt til vitjande.